

Krev overvaking etter rømming

To hol i ein laksemerd i Jondal straffa seg for Bremnes Seashore AS. Selskapet må overvaka 18 elvar etter rømminga i juni.

|side 4



Foto: Eline Sandnes Fosse

Brør og kompanjongar

Lars Olav (t.v.) og Torkel Tufta har slege saman fagkunnskapane og starta eige firma i Kvam.

|side 6



Foto: Eline Sandnes Fosse

Tekstil og tradisjon

Silje Solvi frå Jondal likar tekstilar, tradisjon, arv og tid. Dette viser ho fram gjennom fotografi og andre kunstverk i Galleri puls i Norheimsund frå og med laurdag.

|side 8-9



Foto: Eline Sandnes Fosse

Klare for cupdebut

Even Mundheim Oma (14, t.v.) og Johann Martin Becker Jensen (13) frå Strandebarm reiser laurdag til Norway Cup.

|side 14



Foto: Eline Sandnes Fosse

Ventar på invasjonen

«Vikedalsnebbet», 757 meter over havet i Alvik, har vore eit ukjent turmål for andre enn lokale turgåarar. Etter at staden kom med i Kvam turlag-satsinga *Kvam i kryss og krakje*, har fleire kvemmingar fått auge opp for utkikkspunktet. Kan det vera ei ny trolltunge på gang?

|side 12-13

Ryddesag

336FR T35 Kombi
Husqvarna

Jubileumspris kr.5.000,-



Tlf. 56 55 53 19
www.gules.no




Sjoaskår - Framleis ledige teilegeitar!

Finn oppdatert salsoversikt på www.bratt-as.no

Kontakt meklar for å gje bod!

Advokatfirma Kvåle ANS

Tlf. 56 55 12 77 | post@advokatkvale.no





Området: «Nebbet» i Ålvik ligg til venstre i biletet. Attraksjonen ligg ved Geithaug. Til høgre ser ein Naglaclepp reisa seg. Der finst ein annan av Kryss og krakje-postane i år. Om lag midt i biletet ligg stolen Heller.

Foto: Sigbjørn Linga

Er dette trolltunga til Kvam?

Gløym preikestol og trollpikk. I Ålvik finst ei relativt ukjend adrenalinperle.

EIRIK DYRØY LOTSBERG
lotsberg@hf.no

Emneknaggen #preikestolen har over 104.000 innlegg på Instagram. #Trolltunga har over 63.700 treff. #Trollpikken og #trollpikkenminuttforminutt har til saman over 880 innlegg. Men søker ein på #vikedalsnebbet på den sosiale biletdelingstenesta, er det i skrivande stund berre 12 personar som har delt bilete frå det pittoreske utkikkspunktet i Ålvik.

Synet frå kanten er kanskje ikkje fullt så spektakulært som det ein får 604 meter over Lysefjorden, og eigentleg er panoramautsikt langs vegen opp flottare enn den frå sjolve nebbet. Men det er herleg svimlande å stikka hovudet ut og stira ned i elva som renn langt under deg. Og panoramabilete tek seg ikkje like godt ut i sosiale medium som det å stå i triumferande positur med hendene på hofta, eller å sitte heilt ytst på fjellkanten 757 meter over Hardangerfjorden. Plasserer fotografen seg rett, kan ein dessutan unngå å få industriområdet i Ålvik sentrum med på det obligatoriske biletet – om det skulle vera eit poeng.

Turen er kanskje ikkje like eggande som den som har teke knekken på tallause turistar som har prøvd å ta seg opp til Trolltunga; han tek knapt ein halvtime frå parkeringsplassen. Men dersom ein, som utsendingane til HF, er litt distré og gløymer at det er bygd ein ny veg, og dermed startar turen fire hundre høgdemeter lågare enn naudsynt, er han likevel tøff nok til å gjera ein tungpusten på toppen, og gi både ei god meistringskjensle når du kjem ned att og gangsperr dagen derpå.

Namnet *Vikedalsnebbet* er heller ikkje like knis-framkallande og ordspelvenleg som *Trollpikken*. Men det får heller vera.

– Spektakulært

Bibliotekleiar Ragna Helene Vestrheim er ei av dei som tok turen til nebbet med den gode utsikta nyleg.

– Eg gjekk der med foreldra mine for å få ein fin tur. Det er veldig kjekt at ein kan køyra opp den bratte stinginga, og så gå ein liten tur til den nydelege utsikta. Ho er heilt spektakulær. Me gjekk dit på ein veldig



Overblikk: Frå kanten av nebbet får ein utsikt over Ålvik og Hardangerfjorden, sistnemnde 757 meter lenger nede.

fin og klar dag, så me såg langt både innover og utover fjorden.

– *Viss du må samanlikna nebbet med andre turmål på Vestlandet, kva er det første du tenker på?*

– Hehe, no vil du vel at eg skal seia Trolltunga? For biletet sin del er det mykje lettare å dra til Ålvik. Eg kjem nok ikkje til å gå til Trolltunga. Men eg trur ikkje turane kan samanliknast utanom biletet.

Vikedalsnebbet er eitt av turmåla til *Kvam* i

kryss og krakje i år, og det var i turlagsbrosjyren i år at namnet dukka opp. Vestrheim er ikkje *Kryss og krakje*-aktiv, men ho deler ut klippekort på biblioteket og er godt kjend med turmåla.

– Eg les mykje om turane og blir veldig inspirert. Eg har gått nokre av dei, seier ho.

Hipt turmål

Guro Aalvik frå Ålvik fortel at det ikkje var særleg mange besøkjande på Vikedalsnebbet for eit år si-



dan. Enn så lenge er det ingen kø der.

– Me som veit om staden og har gått på tur forbi der, har jo vore utpå, men det har aldri vore noko veldig med folk der. Det er ikkje noko Trolltunga-nivå. Men kanskje det kan bli det? Det er jo ein mykje lettare tur, seier Aalvik på telefon frå Giljafjell.

I oktober i fjor delte ho eit bilete av nebbet på Facebook. Biletet fekk mykje merksemd, og vart mellom anna delt av ei

facebookside for Trolltunga som sjølvaste *Fjorden Cowboys*-kjendis Joar Forde administrerer.

– Etter det har det komme ein del turgårar opp der. Det er blitt eit hipt mål, og det er stott folk der når eg går forbi.

– Tek du æra for det?

– Haha, ja, eg må ta litt av æra. Og så lokkar jo sjølvsgat den *Kryss og kradje*-posten. Og det har jo komme så fin veg opp

der no. Det er kjekt at folk tek turen.

– *Kvifor trur du det har vorte eit populært turmål?*

– Eg veit ikkje, det er jo mange sånne «nebb» rundt om. Men det er lett tilgjengeleg, og du får fjorden og fjellet og alt på same bilete. Det er jo så hipt med bilete no. Dessutan er det litt skummelt, og ein får litt adrenalin av å gå fram på kanten.

Aalvik seier at ho sjølv ikkje toler å sjå

på når folk går heilt ut på kanten.

– Og ungane mine får i alle fall ikkje gå der åleine.